

---

Saksnr: 2020/75634-50  
Saksbehandlarar: Signe Rauboti

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.11.2021
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021
Hovudutval for næring		17.11.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		23.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

## Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021

### Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Atheno AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS og Skyttel AS.
4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærsenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.
5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefelleskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurscenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

## Samandrag

Eigarskapsmeldinga er utarbeidd i samsvar med kommunelova § 26-1 og KS sine tilrådingar for eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.

Del I av eigarskapsmeldinga omhandlar fylkeskommunen sin overordna eigarpolitikk, mellom anna fastsette føremål for den fylkeskommunale eigarskapen og forventningar overfor selskapa til ivaretaking av samfunnsansvar og etikk. Del I inneheld også informasjon om m.a. reglar for eigarstyring og selskapsleiing, og intern ansvars- og oppgåvefordeling i fylkeskommunen.

Del II av eigarskapsmeldinga inneheld ein omtale av kvart selskap o.l. som fylkeskommunen har eigarskap, deltaking eller medlemskap i, oppdatert per 25.10.21.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Eigarskapsmeldinga 2021

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Eigarskapsmeldinga 2021 er Vestland fylkeskommune si tredje av sitt slag. Meldinga omhandlar kva fylkeskommunen faktisk eig og bør eige, kva forventningar vi har til styringa av selskap og litt om dei rettslege rammene for eigarstyring og selskapsleiing. Dette er i tråd med kommunelova § 26-1 som lyder slik:

«Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Eierskapsmeldingen skal inneholde

- a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring
- b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i
- c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b»

Eigarskapsmeldinga er også utarbeidd i samsvar med KS sine tilrådingar for eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.

Eigarskapsmeldinga er del av fylkeskommunen si eigarstyring og eigenkontroll, og skal sikre føremålstenleg forvaltning av dei verdiar og tenester som er lagt ut i selskap og liknande. Meldinga dokumenterer og tydeleggjer fylkeskommunen si eigarstyring og bidreg til openheit overfor omverda. Meldinga er delt i to; Eigarpolitikk og eigarstyring (Del I) og Verksemdsoversikt (Del II).

Fylkeskommunen står fritt til å endre eigarpolitikken, så framt endringa er innanfor gjeldande rettslege rammer. Eigarpolitikken kan endrast i samband med fylkestinget si årlege handsaming av eigarskapsmeldinga, eller i einskildsaker elles i året. I sistnemnde tilfelle, vert endringa innarbeidd i neste eigarskapsmelding.

Lag, foreningar og organisasjonar som fylkeskommunen har medlemskap i, vert ikkje omtalt i eigarskapsmeldinga. Det same gjeld for stiftingar fylkeskommunen har vore med på å opprette eller har liknande interesse i. Dette er i samsvar med tilrådinga frå lovgjevar (prop. 46 L pkt. 26.1.4). Stiftingar er sjølvstendige, kan ikkje underleggast eigarstyring og høyrer såleis ikkje heime i ei eigarskapsmelding. Derimot vert samvirkeføretak og kommunale oppgåvefelleskap omtalt. Også dette er i tråd med tilrådinga frå lovgjevar.

Fjorårets eigarskapsmelding er tilgjengeleg her:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/rapportar-og-analysar-etter-tema/fylkesadministrasjon-og--okonomi/eigarskapsmeldinga-2020.pdf>

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. koml. § 26-1. Fylkestinget kan ikkje delegere myndet til å vedta eigarskapsmelding.

### Kort omtale av føreslegne endringar i Del I

Det er gjennomført ein del strukturelle endringar og nokre materielle endringar i Del I. Fylkesdirektøren har m.a. prøvd å unngå at same informasjon er nemnd fleire stadar i dokumentet.

Innhaldet er omorganisert og delt inn i tre hovudtema:

1. Fylkeskommunal eigarskap
2. Forventningar til selskapa og prinsipp fylkeskommunen vil styre ut frå
3. Eigarstyring

**Første hovudtema** fastset kva fylkeskommunen skal eige og kva moment som er relevante å legge vekt på når ein vurderer både nye og eksisterande eigarskap. Vidare vert det sagt noko om korleis fylkeskommunen kan ta styringsgrep ved t.d. å vedta eigarstrategiar.

I **andre hovudtema** har fylkesdirektøren samla ulike krav og forventningar fylkeskommunen stiller overfor selskapa, og prinsipp fylkeskommunen vil styre ut frå. Krava og forventningane har tidlegare stått på mange ulike stadar i del I, og ved å samle denne informasjonen på ein stad vonar fylkesdirektøren at den vert lettare tilgjengeleg både for dei som utøver eigarskapen og for selskapa.

Forventningane er m.a. knytt opp mot regelverksetterleving, organisering, samfunnsansvar og etikk.

Av eigarstyringsprinsipp vil fylkesdirektøren særskilt trekke fram det som vert føreslege teke inn i punkt 2.2 om godtgjering av styreverv og ev. andre verv. At fylkeskommunen skal ta stilling til prinsipp for godtgjering av styreverv i samband med eigarskapsmeldinga, er ein av KS sine anbefalingar for eigarstyring.

Det er selskapet sitt eigarorgan, t.d. generalforsamlinga i eit aksjeselskap, som fastset godgjersla for styreverv, men der fylkeskommunen eig meir enn 50 prosent, vil fylkeskommunen i praksis ha det avgjerande ordet.

Prinsippet om å halde styregodtgjersla på eit nøkternt og moderat nivå, er i realiteten ei vidareføring av fylkeskommunen sitt tidlegare standpunkt. Nytt i år er at fylkesdirektøren føreslår at styregodtgjersla, i dei tilfella generalforsamlinga/representantskapet har valt tilsette i fylkeskommunen til styreverv, og desse får høve til å utføre vervet i fylkeskommunal arbeidstid, skal utbetalast til fylkeskommunen. Praksis i dag er at tilsette som utfører styreverv i arbeidstida avstår frå godtgjersle.

At den tilsette utøver styreverv som ein del av arbeidet/vervet, vil ikkje vere i strid med aksjelova § 6-17 sitt forbod mot å ta imot godtgjersle frå andre enn selskapet. Dette forbodet gjeld for einskilde «rettshandlar», og er ikkje meint å skulle omfatte vederlag frå hovudarbeidsgevar eller andre tilfelle der det ikkje er grunn til å tru at styremedlemen er meir motivert av personlege interesser enn av selskapet sine interesser.

Eit alternativ til at styregodtgjersla vert utbetalt til fylkeskommunen kan vere at dei aktuelle styremedlemene avstår frå godtgjersle, men dette vil i tilfelle innebere at fylkeskommunen på denne måten er med på å finansiere drifta av selskapa. Fylkesdirektøren vurderer ikkje dette som ei føremålstenleg generell ordning.

Uavhengig av kven som godtgjer styremedlemen, har styremedlemen ei lojalitetsplikt overfor selskapet, og skal legge selskapet sitt beste til grunn ved utøvinga av vervet, jf. aksjelova § 6-12 og IKS-lova § 13.

**Tredje hovudtema** omhandlar kva for rettslege rammer og interne reglar og retningslinjer som gjeld for den fylkeskommunale eigarstyringa.

I punkt 3.2 og 3.3 framhevar fylkesdirektøren høvet eigarrepresentanten har til å legge saker munnleg fram for fylkesutvalet som eigarskapsorgan ved behov, og høvet fylkesutvalet har til å be om munnleg rapport. Ein slik fleksibilitet medfører auka politisk involvering, og at fylkeskommunen kan agere raskare når det trengs. I dei tilfella eigarrepresentanten sjølv skal legge problemstillinga fram for fylkesutvalet for å få stemmeinstruks, skal saka helst meldast inn til møteleiar minst åtte dagar før møtet.

I punkt 3.4. om plan for opplæring av folkevalde i eigarstyring, føreslår fylkesdirektøren at eigarrepresentantane, og andre med sentrale politiske leiarfunksjonar, vil få særskilt opplæring om eigarrepresentasjon. Fylkesdirektøren meiner det er behov for å spisse opplæringa inn mot dei som regelmessig representerer fylkeskommunen som eigar. Det vert difor ikkje lenger lagt opp til noko oppfriskingsseminar for alle folkevalde to år etter valet. Fylkesutvalet tek stilling til om det er ønskeleg med ytterlegare opplæring utover dette.

I pkt. 3.8 om utpeiking av styremedlemer gjer fylkesdirektøren framlegg om at fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren, hovudutvalsleiarane og fylkesdirektøren ikkje bør utpeikast til styreverv i selskap.

Kort omtale av tilrådingar og tilføyningar i Del II

Del II inneheld ei komplett oversikt over fylkeskommunen sine eigarskap, ein omtale av kvart selskap og ei tilråding for om eigarskapen skal vidareførast. Selskapa er delt inn etter føremålskategoriar eller verksemdstypar og lista opp alfabetisk i kvar kategori. Idrettsklynge vest AS er det siste selskapet som er kome med i porteføljen.

Nytt i år er at det er lagt til ein boks under kvart selskap om eventuelle politiske vedtak sidan førre eigarskapsmelding. Denne informasjonen har tidlegare vore gitt som ei samla framstilling mot slutten av Del I. Framstillinga i Del II er vidare gjort meir oversiktleg ved at kvar selskapsomtale byrjar på ei ny side.

Fylkesdirektøren si grunngjeving for å tilrå at ein startar avviklingsprosess for eigarskapen i nokre selskap, jf. framlegget til innstilling pkt. 3, går fram av den einskilde selskapsomtalen.

Kort om eigarskapsoppfølging m.m. sidan førre eigarskapsmelding

Føreordet til eigarskapsmeldinga inneheld ei kort oppsummering av eigarskapsåret 2020-2021. Kva som er gjort av vedtak, og fylkesdirektøren si oppfølging, går elles fram av den einskilde selskapsomtalen. Selskapsomtalan inneheld også informasjon om pågåande eller nyleg avslutta selskapskontrollar (no eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon).

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Den økonomisk verknaden av å vere eigar, deltakar eller medlem varierer. Eit fåtal av fylkeskommunen sine eigarskap har som føremål å gje fylkeskommunen utbyte, og nokre av dei kommunale fellestilltaka har m.a. som mål å oppnå stordriftsfordeler. Som eigar kan fylkeskommunen med jamne mellomrom bli beden om å bidra økonomisk.

**Klima:** Som eigar kan fylkeskommunen setje miljø- og klimakrav til selskapsdrifta. Dess større eigardel fylkeskommunen har, dess meir kan fylkeskommunen påverke.

**Folkehelse:** Som eigar kan fylkeskommunen medverke til arbeidet med folkehelse, t.d. som eigar av arbeidsmarknadsbedrifter, eller som eigar av selskap som driv med forskning- og innovasjon.

**Regional planstrategi:** Nokre av selskapa, t.d. næringsutviklingsselskap og inkubatorar, kan vere viktige reiskap for å nå måla fylkeskommunen har sett seg i utviklingsplan for Vestland 2020-2024, og visjonen om å vere nyskapande og berekraftig. Fylkeskommunal eigarskap kan også vere med på å støtte opp under nokre av FN sine berekraftsmål.

Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til eigarskapsmeldinga for nærmare informasjon og rår fylkestinget til å gjere vedtak i tråd med framlegget til innstilling.